

MØTEINNKALLING

Vilt- og innlandsfiskeremnda

Dato: 12.06.2012 kl. 19:30
Stad: Kantina i Kommunehuset
Arkivsak: 12/01615
Arkivkode: 033

Forfall meldast snarest til Pia Rørby Ruud eller tenestetorget (31 40 88 00).

Vara møter bare etter nærmare innkalling.

Orienteringssaker:

1. Merkeprosjekt på elg
2. Felles målsettingar for hjortevilt i Valhall.

SAKSKART			Side
Saker til behandling			
1/12	12/01373-2	Søknad om utvida jakttid for elg og hjort i perioden 2012-2017	2
2/12	12/01780-1	Godkjenning av bestandsplan for elg og hjort 2012-2014 - Hemsedal Elgvald	5
3/12	12/00266-4	Oppsummering av elg,- hjort- og rådyrjakt 2011	9
4/12	12/01984-1	Søknad om støtte til foring av elg	17

Hemsedal, 07.06.2012

Martin Lindal
Møteleiar

Saker til behandling

1/12 Søknad om utvida jakttid for elg og hjort i perioden 2012-2017

Arkivsak-dok. 12/01373-2

Arkivkode. ---

Saksbehandler Lina Sannes Eskerud

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Vilt- og innlandsfiskenemnda	13.06.2012	1/12

Saka vert avgjort av:

Vilt- og innlandsfiskenemnda

Vedlegg:

Skriv inn vedlegg her

Dokument i saka:

Dokument i saka er tilgjengeleg på 12/01373.

Saksopplysningar:

Det er fastsatt ny forskrift om jakt- og fangsttider: *Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra og med 1. april 2012 til og med 31. mars 2017*

Hemsedal kommune har anledning til å søkje Buskerud fylkeskommune om fortsatt utvida jakttid på elg og hjort i perioden 2012-2017. Det søkast om jakttid frå 15. september til 23. desember.

Hemsedal Elgvald ynskjer utvida jakttid og grunngjev sin søknad til kommunen som følgjer:

- ✓ Fylling av kvoter. Dersom vinteren kommer sent vil elgen bli stående i høyereliggende områder lenge. Dette medfører at jakten blir vanskeligere, og det går ut over fyllingsgraden av kvoten. Senere vil det samles mye elg etter Heimsila og rv 52, uten at det kan jaktes dersom ordinær jakttid opprettholdes. Elgen er her en fare for trafikken, men med utvidet jakt vil en være mer fleksibel i forhold til å ta ut disse dyrene. Dette medfører også at fyllingsgraden av kvotene blir større.
- ✓ Turisme. I Hemsedal er det lagt opp til friluftsliv med sykkelstier, toppturer og fjellturer. Det er også mange hytter som blir mye benyttet på høsten. Dette medfører at jakt i disse områdene ofte må vente til etter høstferien. Dersom en kan starte jakten 15.09, vil en være mer fleksibel i forhold til andre bruksgrupper av områdene.

- ✓ Tamrein. Filefjell Reinlag har flere tusen rein i våre områder. Ved snøfall trekker reinen ned i skogen og gjør løshundjakt umulig. Problemet øker i slutten av jakten samt ved tidlige snøfall. En tidligere jaktstart vil avhjelpe dette problemet vesentlig.
- ✓ Hjortestammen. Hjortestammen i Hemsedal er etter telling på foringsplassene vinteren 2011/12 på ca. 45 vinterdyr. Om sommeren trekker det endel hjort over fra Vestlandet, og har sommerbeite her. Det å kunne beskatte vår egen vinterstamme er vårt hovedmål. Ved lengre jakttid vil dette kunne oppnås bedre, da trekkhjorten forsvinner i løpet av høsten.
- ✓ Hemsedal Elgvald vil presisere at det ikke vil bli noen konflikt med annen type jakt om vår søknad godkjennes. Der det er ønskelig vil en kunne praktisere samjakt som før.

Søknaden har vore ute på høyring og det har ikkje kome inn merknader til søknaden.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert.

Miljøkonsekvenser:

Ikkje vurdert.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert.

Vurdering:

Buskerud Fylkeskommune ynskjer at kommunen skal grunngje kvifor vi ynskjer utvida jakttid ut i frå følgjande moment:

- Bestands-, forvaltnings-, eller næringsmessige behov.
- Hvilke hensyn som ønskes ivaretatt
- Hvilke deler av arealet som omfattes av driftsplaner
- Tiltak for samjakt
- Hensyn til øvrig friluftsliv.

Grunngjeving for å søke om forlenga jakttid i Hemsedal er kraftig overbeite, mye påkjørsler på veg og betydeleg trekkjelgproblematikk samt det faktum at Hemsedal har mye aktivitet knytta til turisme i haustferie og dertil helger som gjer at det er vanskelig å ta ut tilstrekkeleg med dyr innanfor ordinær jakttid.

Gjennom elgbeiteregistreringar dei seinare år er det påvist at elgbeitene i Hemsedal er svært hardt belasta. Dette har resultert i lave slaktevektar og lav kalveproduksjon. Dette skyldast at elgstammen har vore for høg over fleire år og forsterkast av mye trekkjelg som trekker inn i områda vinterstid. Det er på det rene at elg frå høgt til fjells og Valdres trekker aust- til

Hemsedal og sørover inn i vinterbeiteområde i Gol og Nes. For å auke uttaket må det nyttast dei verkemidlane som er tilgjengelege og det er derfor ynskjeleg med forlenga jakttid i heile kommunen.

Påkjørsler på veg er ein svært viktig årsak til søknad om forlenga jakttid.

Følgjande er henta frå Fallviltregisteret:

01.04.11-31.03.12: 6 elg påkjørt og avlivet

01.04.10-31.03.11: 8 elg påkjørt og avlivet, totalt 14 hendelser med elg og 23 totalt inkl. rådyr, hjort og elg.

01.04.09-31.03.10: 12 elg påkjørt og drept, totalt 16 hendelser med elg og 21 hendelser i alt.

Ut i frå statistikken kan det verke som om stammen er på veg ned. Men dei to siste vintrane har snøen komet seint og det har vore lite snø. Konsekvensen av det kan ha vore at elgen stod lenge til fjells og ikkje trakk ned til dalbotn og Rv52.

Når det gjelder høve mellom elg/hjortejakt og andre brukere av utmarka oppleves ikkje dette som noko problem i Hemsedal. Søknad om utvida jakttid har vore ute på høyring og det har ikkje kome inn merknader frå brukergupper med interesse i friluftsliv/turisme. Hemsedal har hatt utvida jakttid fram til 23. desember i 2010 og 2011. Det har ikkje blitt synleggjort problemstillingar knytta til dette desse to siste åra. Samjakt kan praktiserast som før.

Rådmannen si innstilling:

Vilt- og innlandsfiskeremnda søkar Buskerud Fylkeskommune om utvida jakttid på elg og hjort i perioden 2012-2017, i tråd med § 3 i *Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra og med 1. april 2012 til og med 31. mars 2017*. Det søkast om jakttid frå 15. september til 23. desember.

2/12 Godkjenning av bestandsplan for elg og hjort 2012-2014 - Hemsedal Elgvald

Arkivsak-dok. 12/01780-1

Arkivkode. ---

Saksbehandler Lina Sannes Eskerud

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Vilt- og innlandsfiskenemnda	13.06.2012	2/12

Saka vert avgjort av:

Vilt- og innlandsfiskenemnda

Vedlegg:

Bestandsplan for elg og hjort 2012-2014 – Hemsedal Elgvald

Dokument i saka:

Dokument i saka er tilgjengeleg på 12/01780.

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av Hemsedal Elgvald sin bestandsplan for elg og hjort i perioden 2012-2014.

I åra fram til og med 2008 blei det tatt ut i snitt ca. 50 dyr årleg. I siste treårsperiode har dette auka til ca. 57 dyr i året. Størst antall dyr blei tatt ut ved år-tusen skifte, med ein topp på 77 dyr i 1999 og 72 dyr i 2000. Ved å sjå på sett-elg registreringene fleire år tilbake kan ein danne seg eit bilete av om bestanden er oppadgåande eller nedadgåande. Etter 4 år med fallande tendens frå 2001 til 2005 er det ein kraftig vekst i "sett-elg per jegerdagsverk" frå 2005 til 2007. I bestandsplanperiode 2003- 2005 lå sett elg per jegerdagsverk på 0,39. I bestandsplanperioden 2006-2008 lå dette tallet på 0,49. I forrige bestandsplanperiode (2009-2011) lå dette snittet på 0,54. Dette tyder på at bestanden har vært i vekst i dei tre forrige bestandsplanperiodene. Det er i gjennomsnitt sett mer elg per jegerdagsverk i denne perioden som i dei åra det blei felt 70 dyr.

Ku/okse forholdet er på veg til å stabilisere seg rundt 1,5 som er det optimale. Både sett kalv pr. ku og sett kalv pr. kalveku har ein svak men positiv tendens.

I Hemsedal, og innanfor Valhall, er det gjennomført beiterregistreringar. Resultater frå desse beiterregistreringane er lagt fram i rapporter for åra 2009 og 2011. I 2009 ligg beitetrykket for furu på 20 %. Dette synar at for Hemsedal sin del er beitetrykket godt under maksimalt anbefalt beitetrykk for furu, som er på 35 %. For ROS-artane (rogn, osp, selje) derimot er beitetrykket på ca. 36 %. Dette er litt over anbefalt beitetrykk for desse artene. Etter beitetakseringen i 2011 har beitetrykket på furu auka til 34 %, og for ROS-artene gått opp til 65 %. Dette er ein negativ trend for furu, men man ligg fortsatt innanfor maksimalt anbefalt beitetrykk. For ROS-artene er det ein negativ utvikling, og man ligg her fortsatt for høgt.

Bestandsplanen legger opp til følgjande mål:

Hovudmål:

Hemsedal elgvald skal ha ein elgbestand

1. som til ein kvar tid vurderast som bærekraftig
2. som har ein god alders- og kjønnsstruktur
3. som sikrar ein god avkastning på utmark og skog innanfor valdet.

Konkretisering av mål:

Å finne konkrete målbare parameter som seier noko om elgbestanden i høve til biologisk mangfald og bærekraft er ofte vanskeleg. For å sjå korleis sjølve elgbestanden har utvikla seg har man derimot relativt gode data ved å sjå på sett-elg registreringar og vektor frå skutte dyr. Elgvaldet har derfor som mål at ut ifrå sett-elg registreringene skal:

1. Ku/okse forholdet ligge på 1,5.
2. Opprettholde kalvevektene, det vil seie rundt 65 kg.
3. Auke sett kalv per ku.

I høve til beitetaksering i Hemsedal skal målet for denne perioden vere at:

1. Furu skal ha eit beitetrykk på under 25 %
2. ROS-artene skal kome ned på eit beitetrykk på 50 %

Avskytingsplan for elg.

Årleg avskyting i planperioden:

År	Antall dyr
2012	70
2013	70
2014	70
Sum	210

Rammer for årlig avskyting:

1. Dyr tildelast i kategoriene kalv/ungdyr, ku og okse.
2. Det leggst opp til ein avskyting med 20 % ku 2,5 år og eldre, 15 % okse 2,5 år og eldre og 65 % kalv/ungdyr.
3. Tildelinga av dyr til det enkelte jaktfelt blir i større grad tilpassa elgtettheten på det enkelte jaktfeltet. Dette, saman med å slå saman kalv/ungdyr kvoten, er verkemidler som ein håper kan føre til ein høgare fellingsprosent og at fleire dyr blir tatt ut.
4. Ku på under 150 kg går på ungdyrkvota. Okse på under 160 kg går på ungdyrkvota. Dette vil gjere det lettare å ta ut ein større andel små hodyr på ungdyrkvota. Ein vil da ta ut ein større andel av kyr som om nokon år vil kome i produksjon. Dette vil vere med på å bremse ein aukning i elgbestanden.
5. Tvillingku med kalv er freda hele jakta.

Mål for hjortebestanden.

Det er eit mål at ein skal ha ein vinterbestand på ca. 40 hjort innanfor valdet. Denne bestanden skal ligge innanfor Nordbygda og Grøndalen grunneigarlag. Det er vidare eit mål

at det ikkje skal etablerast ein hjortebestand i Sørbygda, Skogshorn, Vestsida og Lykkja grunneigarlag.

Avskytingsplan for hjort.

Årlig avskyting i planperioden:

År	Antall
2012	30
2013	30
2014	30
Totalt	90

Rammer for årlig avskyting:

Dei fleste hjorter som felles blir skutt under elgjakt. Det kan tyde på at hjortebestanden har ein rask vekst innanfor valdet. Vi har liten erfaring i kva som vil vere det rette nivået på bestandsstorleiken og kva for rammer for avskytingen som vil fungere, men for å forsøke å stanse bestandsaukninga leggast det opp til høgt jaktuttak og ein vridning mot å ta ut fleire kalver og produksjonsdyr. Det leggast derfor opp til at:

1. Ca. 2/3 av kvoten blir tildelt Nordbygda grunneigarlag og Grøndalen grunneigarlag. Det skal her leggast opp til ein avskyting med 1/3 1.5 år bukk og eldre, 1/3 1.5 år hind og eldre, 1/3 frie dyr.

2. Ca. 1/3 av kvote blir lagt ut til dei andre jaktfelte som ein kvotejakt, der skutte dyr rapporterast til elgvaldet og jakten stoppast når den årlege kvota er fylt. Hele kvota blir her lagt ut som frie dyr.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert.

Miljøkonsekvenser:

Ikkje vurdert.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert.

Vurdering:

Vilt- og innlandsfiskeremnd vedtok følgjande mål for elg- og hjortebestanden den 09.03.2009, saksnr. 3/09

Konkretisering av mål for elgbestanden:

- Elg og hjortebestanden skal gje ein mest mogleg stabil avkastning som bår gir eit godt tilbod av elg- og hjortejakt til innbyggjarane og avgrensar konfliktane med andre brukargrupper.

- Elgbeiteregistreringer bør vere bestemmande for om det er for mye elg høve til matfatet. Denne indikatoren skal tilleggast vekt ved godkjenning av bestandsplanar. Vel og merke der dette føreligger. Ros-artane skal ikkje ha større beiteuttak enn 35%. Furu som også skal produsere tømmer bør ikkje ha ein belastning over 20 – 30 %. Ved større beiteuttak må elgtettheten ned til plantene har tatt seg opp igjen.
- Slaktevektene på kalv skal ha eit gjennomsnitt på over 65 kg.
- Med bakgrunn i tall frå sett elg skjema, skal ”sett ku per okse” ligge under 1,5.

Konkretisering av mål for hjortebestanden:

Hjortebestanden bør ikkje ha ein vinterstamme på over 40 dyr. Det skal også her satsast mot å drive aktiv jakt innanfor forvaltningas hovudprinsipper.

Fleire av måla for elg i bestandsplanen for kommande periode samanfaller med måla vedtatt av viltnemnda, blant anna slaktevekter på kalv og forholdet sett ku per okse. Viltnemnda har vedtatt at Ros-artane ikkje skal ha eit større beitetrykk enn 35%. Bestandsplanen legg opp til at beitetrykket kan vere 50%. For å kunne nå målet om 35% beitetrykk burde jaktuttaket aukast ytterlegare. Deisiste tre åra har det blitt tatt ut ca.57 dyr årleg sjølv om kvota har vore på 70 dyr. Den totale kvota for forrige planperiode var 210 dyr og det blei tatt ut 170 dyr. Avviket frå oppfyllingsgraden var 19%.

For hjort samanfaller målet om at vinterstammen skal vere på 40 dyr. Det er positivt at det blir lagt opp til at uttaket skal aukast sidan bestanden har auka. 1/3 av kvota blir derfor lagt ut som frie dyr.

Rådmannen si innstilling:

Vilt- og innlandsfiskeremnda godkjenner, med heimel i § 19 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, Hemsedal Elgvald sin bestandsplan for elg og hjort for perioden 2012-2014.

3/12 Oppsummering av elg,- hjort- og rådyrjakt 2011

Arkivsak-dok. 12/00266-4

Arkivkode. ---

Saksbehandler Lina Sannes Eskerud

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Vilt- og innlandsfiskeremnda	13.06.2012	3/12

Saka vert avgjort av:

Vilt- og innlandsfiskeremnda

Vedlegg:

Ingen vedlegg.

Dokument i saka:

Sett elg skjema for alle jaktfelte

Skjema for skutte dyr - hjort

Fellingsløyver- og fellingsrapport på rådyr frå alle jaktvald

Skjema - Sett takker på gevir

Bestandsplan for elg- og hjort 2009-2011 – Hemsedal Elgvald

Kvotetildeling for elg og hjort 2011 – Hemsedal Elgvald

Saksopplysningar:

Fellingsresultatet frå elg- og hjortejakta i dei sju jaktfelte i Hemsedal kommune har kome inn. Totalt er det på desse valda felt 57 elg av ei tildelt kvote på 70 og 20 hjort av ei kvote på 29 dyr. Dette gjev ei fellingsresultat for elg på 81,5 % og hjort på 69 %. Bakgrunnsareal for elgjakta i Hemsedal er 264100daa. Totalt 57 felte dyr gir 4633 daa bak kvart felte dyr. Om heile kvota vart skote ville det gi eit bakgrunnsareal på 3773 daa per dyr.

Jaktfelte ligg under Hemsedal Elgvald som har bestandsplan for perioden 2009-2011. I denne perioden er det innvilga 210 elg, 70 per år (tabell 1). Kvota for hjort er 75 dyr til saman, 25 dyr per år. Til saman for årene 2009-2011 er det skutt 172 elg. Det er skutt 66 hjort til saman under jakta 2009-2011.

Hemsedal Elgvald søkte om utvida jakttid for elg- og hjortejakta for 2010 og 2011.

Bakgrunnen for søknaden var problemer med trekkelg og påfølgjande beiteskade og problemer med påkjørsel av elg på veg. Det faktum at Hemsedal har mye turisme i spesielt haustferie og helger på hausten gjer at jakttida blir naturleg avkorta. Utvida jakttid vil dermed kunne gjere det lettare å fylle kvotene. Generelt har elgstammen i Hemsedal vore for høg i høve til beitegrunlaget over fleire år. Kommunen ønskjer derfor å legge mest mogleg til rette for at kvotene kan fyllast slik at bestandsmåla for elg kan bli nådd og at antall påkjørsler reduserast. Buskerud fylkeskommune innvilga søknaden med varighet til 31. mars

2012. Hemsedal kommune har anledning til å søkje om utvida jakttid for perioden 2012-2017, sjå sak: søknad om utvida jakttid.

Elgjakt

Tabell 1 syner tildeling av dyr etter aldersgruppe og kjønn i bestandsplanperioden 2009-2011.

Tabell 1. Tildeling av dyr etter aldersgruppe og kjønn i bestandsplanperioden 2009-2011.

Aldersgruppe	Tal dyr	Prosent av totaluttak
Kalv og ungdyr	137	65 %
Vaksne hanndyr	32	15 %
Vaksne hodyr	42	20 %

Tabell 2 syner oversikt over tildelte og felte elg i Hemsedal kommune 2011.

Tabell 2. Oversikt over tildelte og felte elg i Hemsedal kommune 2011.

År 2010	Tildelt totalt	Felt Kalv	Felt Ungdyr	Felt Ku	Felt Okse	Felt totalt
Sørbygda	12	4	4	2	2	12
Grøndalen	8	3	2	2	0	7
Vieren	12	3	2	2	5	12
Lykkja	3	0	3	1	0	4
Skogshorn	9	3	2	3	0	8
Norbygda og Mørkedalen	16	4	3	3	4	14
Ventekvote	10					
Sum	70	17	16	13	11	57

Det blei i 2011 skote fem fleire hanndyr enn hodyr (tabell 3). Tabellen syner uttaket etter alder og kjønn.

Tabell 3. Fordeling på alder og kjønn av skotne elg i Hemsedal kommune 2011.

	Skote elg i Hemsedal	
	Tal	%
Hanndyr	31	54
Hodyr	26	46
Sum	57	100
	Tal	%
Kalv	17	30
Åring	16	28

Okse Eldre	11	19
Ku Eldre	13	23
Sum	57	100

Ei god elgforvaltning er avhengig av at ein har mest mogleg påliteleg informasjon om elgstamma sin storleik og samansetning. Opplysningar frå "Sett elg" per jegerdagsverk kan i den samanheng vere til god hjelp. Særleg når ein kan samanlikne utviklinga over fleire år. "Sett elg" per jegerdagsverk kan ein også kalle "Sett elg" per jegerdag, og det syner kor mange elg kvar elgjeger ser kvar dag. Tala får ein ved å dividere antall observasjonar av elg med antall jegerar. Det har vore ein aukning i antall sett elg frå 2001 og fram til i dag. Sett elg for 2011 er høgt i høve til dei andre åra. Det kan tyde på at elgstammen har auka.

Tabell 4. Sett elg i Hemsedal kommune under jakta 2010.

År	"Sett elg" i alt	"Sett elg" per registrert jegerdagsverk
2011	343	0,6
2010	265	0,52
2009	269	0,47
2008	257	0,38
2007	214	0,57
2006	270	0,60
2005	217	0,48
2004	194	0,31
2003	154	0,39
2002	185	0,38
2001	253	0,51

Tabellen syner gjennomsnittleg slaktevektar for 2005-2011. Det er ikkje registrert slaktevektar lengre tilbake enn 2005.

Tabell 5. Gjennomsnittleg slaktevektar for skote elg 2005-2011.

År/ Tal dyr	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Hannkalv	70	75	69	62	72	81	62
Hokalv	63	64	59	63	57	75	62
Hann 1,5 år	131	125	130	120	136	130	136
Ho 1,5 år	131	127	119	132	95	165	126
Hann Eldre	205	184	189	214	213	280	197
Ho Eldre	177	170	161	180	169	195	166

Sett kalv per ku er ein indeks utleidd frå sett elg, og gir uttrykk for korleis produksjonen i elgbestanden utvikler seg. Etter som eldre dyr er meir produktive enn yngre kyr, kan endringar i rekrutteringsratene skyldast både endringar i fekunditet (produktivitet),

gjennomsnittsalder eller både deler. Tabellen syner at kalv per ku har vore relativt stabilt frå 2001.

Tabell 6. Tabellen syner sett kalv per ku i perioden 2001-2011.

År	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001	Gj.snitt
Kalv pr. ku	0,7	0,65	0,72	0,52	0,67	0,64	0,59	0,54	0,63	0,55	0,61	0,61

Sett kalv per kalvku (tvillingraten) gir uttrykk for hyppigheiten av tvillingfødslar i bestanden, og gir også eit bilete på alderssammensetningen av kyr. Dersom ein stor andel av kyrne som blir sett har tvillingkalver tyder det på at ein stor del av kyrne er 4 år eller eldre. Indeksen kan variere mellom 1 - 2, kor 1 betyr at ingen kyr har blitt observert med tvillingkalver, mens 2 betyr at alle kalveførande kyr har blitt observert med tvillingkalver. Tabellen syner at hyppigheiten av tvillingfødslar i bestanden er liten.

Tabell 7. Tabellen syner sett kalv per kalvku (tvillingraten) for perioden 2001-2011.

År	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001	Gj.snitt
Kalv Pr KalvKu	1,3	1,15	1,14	1,07	1,19	1,16	1,23	1,05	1,13	1,09	1,06	1,13

Andel kyr med kalv gir uttrykk for kor stor del av kyrne som blir observert med kalv i løpet av jakta. Tabellen syner at litt over halvparten av alle sette kyr er observert med kalv.

Tabell 8. Tabellen syner kor mange kyr av dei observerte som blei sett med kalv i perioden 2001-2011.

År	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009
Andel kyr med kalv	53,5	44,2	55,6	50	45,3	51,6	56	45,4	60,4

År	2010	2011	Gj.snitt
Andel kyr med kalv	45,4	55,9	51,2

I 2009 blei det innført skjema for "sett takker på gevir". I år har fire av jaktlaga levert skjemaet og registreringa er vist i tabell.9. For at det skal vere mogleg og samanlikna talla må alle jaktlaga levere skjemaet. Talla blir nå upålitelege og vanskeleg å samanlikne.

Tabell 9. Antall sett takker på gevir på sette elg under jakta 2011.

Antall takker	2	3-4	5-8	9-12	13 el fleire
Antall elg 2011	2	9	8	7	0
Antall elg 2010	18	13	23	9	5
Antall elg	13	10	19	16	3

2009					
------	--	--	--	--	--

Utvida jakttid er eit tiltak for å prøve å nå uttaksmålet på 70 dyr. I perioden for utvida jakttid har det vorte skutt 8 dyr. Dette utgjør 14 % av totalt uttak. Til saman for alle jaktfelte er det jakta 24 dagar i den utvida jaktperioden.

Tabell 10. Tabellen syner skotne elg i perioden for utvida jakttid 15.11-23.12.

Type dyr	Antall
Hannkalv	2
Hokalv	1
Hann 1,5	2
Hunn 1,5	0
Ku	3
Okse	0
Sum	8

Hjortejakt

Tabell 11 syner felte hjort og fellingsprosenten i 2011. Bestanden av hjort skal ligge innafor Grøndalen og Nordbygda jaktfelt i henhold til bestandsplanen. Det er ikkje ønskeleg at det blir etablert hjortebestand i dei andre jaktfelte.

Tabell 11. Felte hjort i Hemsedal kommune 2011.

År 2009	Tildelt totalt	Felt Kalv	Felt Ungdyr	Felt Hind	Felt Bukk	Felt totalt
Grøndalen	7	4	1	2	2	9
Norbygda	10	1	0	1	1	3
Resten av laga	8	1	0	1	6	8
Ventekvote	4					
Sum	29	6	5	7	7	20
Fellingsprosent %						69

Rådyrjakt

Det blei gitt 130 fellingsløyver på rådyr fordelt på 35 jaktvald for jakta 2011. Fellingsrapportene syner at det er felt 4 rådyr under jakta. Det gir eit jaktuttak på 5,2 %.

Tabell 12. Felte rådyr etter kjønn og alder i perioden 2006-2010.

År	2011	2010	2009	2008	2007	2006
Tildelt totalt	130	141	134	140	118	97
Felt hannkalv	1	0	4	2	3	4

Felt hunnkalv	0	3	5	6	1	2
Felt hann eldre	3	6	3	6	5	4
Felt hunn eldre	0	3	3	1	2	2
Felt totalt	4	12	15	15	11	12

Forhold til overordna plan:

Avskytinga av elg og hjort skal i størst mogeleg grad følgje det bestandsplanen for valdet har lagt opp til for kvart år. Men, sett i lys av at ein bestandsplan varar i tre år, er det rom for ulike fellingstal innan denne perioda så lenge ein samla sett oppfyller planen.

Rådyr:

Det er ikkje utarbeida bestandsplan for rådyr i Hemsedal kommune.

Miljøkonsekvenser:

Ei balansert forvaltning av elg- og hjortestamma har mykje å seie for tilhøve som kjem inn under omgrepet miljøkonsekvensar. I mange år har det i høve til beitegrunnlaget vore for mykje elg. Registrering på beitetilhøva i 2009 viste at beiteslitasjen er for stor på ROS-artene, og i enkelte bestand for furu. Det ble foretatt ny beiteregistrering i 2011. Beiteslitasjen på ROS-artene har auka sidan 2009 og er nå på 65%. Situasjonen for furu og bjørk er at det ligg på eit nivå som så vidt balanserar framtidig fortilgang. Sett i høve til 2009-taksten har belastninga auka og rapporten anbefaler at beitebelastninga blir redusert.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert.

Vurdering:

Elgjakt

I bestandsplanen for Hemsedal Elgvald 2009-2011 er det satt som mål at 67% av totaluttaket skal vere kalv/ungdyr, 20% skal vere ku og 15% skal vere okse (tabell 13 og 14). Målsetjinga for ku er oppnådd, medan uttaket for kalv/ungdyr er for låg og uttaket av okse for høgt. Det er eit mål i bestandsplanen at tilhøvet mellom ku og okse skal vere 1,5. "Sett elg" skjemaene syner at dette tilhøvet i 2011 var 1,67.

Tabell 13. Uttak av kalv og ungdyr innafor Hemsedal Elgvald 2010.

Bestandsplan område	Skote Kalv og Ungdyr	Totalt felt	Målsetting % Kalv og ungdyr	Faktisk uttak %
Hemsedal	33	57	65	58

Elgvald				
---------	--	--	--	--

Tabell 14. Uttak av ku og okse innafor Hemsedal Elgvald 2010.

Bestands- plan område	Totalt felte dyr	Skote ku	Mål- setting % Ku	Faktisk uttak %	Skote Okse	Målsetting % Okse	Faktisk uttak %
Hemsedal Elgvald	57	13	20	23	11	15	19

På tross av utvida jakttid har ikkje uttaket auka noko i frå føregåande år. Det kan vere fleire grunnar til dette. Det er vanskeleg å komme med konkrete forslag til tiltak for å nærme seg uttaksmålet. Det er mogleg at trekkelgen stod veldig lenge høgt til fjells på dei gode beitene der fordi snøen kom seint denne vinteren. Det er lagt ned mange jegerdagsverk og stor innsats under jakta 2011. Men kanskje er det trong for enda fleire jegerar og jegerdagsverk?

Slaktevektene på hunn og hann 1,5 år, ku og okse er høgare i 2011 enn i åra 2009-2010. For kalv er det ingen klar trend. Slaktevektene i 2006 var betrakeleg høgare enn dei siste fem åra.

Det blei gjort beitetaksering i 2011 som syner at beitebelastninga på ROS-artene var stor, det vil seie 65%, mens den for furu og bjørk var 34-37%. Dette er ein auking frå 2009 da belastninga på ROS-artane var 36% og furu og bjørk var 12-20%. Det er vedtatt kommunale målsetjingar for hjortevilt som seier at dersom beitebelastninga på ROS-artene er større enn 35 % skal kvotene aukast, tilsvarande for tømmerproduserande furu er 20%. Beitetakseringa frå 2011 anbefaler nedgang i beitebelastninga. Den nye bestandsplanen for Hemsedal Elgvald 2012-2014 bør derfor legge opp til eit høgare jaktuttak.

Hjortejakt

Hemsedal Elgvald ønskjer å stanse bestandsaukinga av hjort. Dette skal gjerast ved å legge opp til eit høgt jaktuttak og ta ut fleire kalver og produksjonsdyr. I Grøndalen og Nordbygda grunneigarlag skal fordelinga mellom alder og kjønn i uttaket vere 1/3 kalv, 1/3 1,5 års bukk og eldre og 1/3 1,5 års hind og eldre. Det faktiske uttaket synar at fordelinga er oppnådd. Dei resterande grunneigarlaga har frie dyr.

Rådyrjakt

Tabell 12 syner at uttaket av rådyr er ekstremt lavt i høve til tal fellingsløyver båe i 2011 og i perioden 2006-2010. Fellingsløyver blir gitt ut i frå areal og ikkje bestanden av rådyr, det vil seie at grunneigarar som har eit areal på 500 daa kan få løyve på eit dyr. Det er mogleg at interessen for rådyrjakt ikkje er stor i Hemsedal. Ein anna årsak til det lave uttaket kan vere at det i delar av kommunen er gaupe som tek mykje rådyr. Rødrev tar rådyrkillinger og kan påvirke rådyrbestanden. Det er mogleg at rådyrbestanden skulle vore estimert og at fellingsløyver skulle blitt gitt ut i frå bestandstalet.

Konklusjon:

Elgjakta i 2011 gav en fellingsprosent på 81,5. Det er tilfredstillande sjølv om ein skulle ynskje at utvida jakttid hadde resultert i eit høgare uttak enn i 2009 da det ikkje var utvida

jakttid. Uttaket av okse og ku i 2011 var noko høgare enn det fastsatte målet og uttaket av kalv/ungdyr tilsvarande noko lågare. I bestandsplanperioden 2009-2011 er det skote 170 dyr av ein kvote på 210.

Antall fellingar på rådyr er framleis veldig lågt som han har vore dei siste åra. Uttaket av hjort var ligg lågare enn foregåande år med ein fellingsprosent på 69, der fordelinga mellom kjønn- og aldersgruppene er nådd.

Rådmannen si innstilling:

Hemsedal vilt- og innlandsfiskeremnd tek oppsummering av elg-, hjort- og rådyrjakt 2011 til orientering.

4/12 Søknad om støtte til foring av elg

Arkivsak-dok. 12/01984-1

Arkivkode. ---

Saksbehandler Lina Sannes Eskerud

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Vilt- og innlandsfiskeremnda	13.06.2012	4/12

Saka vert avgjort av:

Vilt- og innlandsfiskeremnda

Vedlegg:

Foringsplan for elg i Hemsedal 2009-2014.

Dokument i saka:

Dokument i saka er tilgjengeleg på 12/01984.

Saksopplysningar:

Hemsedal Elgvald søkar om støtte til foring av elg. Elgvaldet ønsker eit tilskudd på 10.000kr.

Elgvaldets målsetning ved foring:

Målsetning ved fôring i Hemsedal kommune er og halde elgen så lenge som mogleg i Hemsedal før den trekker ned til Gol og Nes. Samt halde den borte frå RV52. Slik at ein kan vere med på og redusere irregulær avgang og beiteskader i Hemsedal og i andre kommunar som elgen trekker til om vinteren.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert.

Miljøkonsekvenser:

Ikkje vurdert.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ikkje vurdert.

Økonomiske konsekvensar:

Vilt- og innlandsfiskeremnda har anledning til å nytte det kommunale viltfondet til blant anna tiltak som fremmar viltforvaltninga, jmf § 5 i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Støtte til tiltaket blir tatt frå viltfondet.

Vurdering:

Ved å fôre langs elgens trekkruiter kan ein redusere antall elg som trekker ned til Rv52 i vinterbeiteområda i dalbotn. Dette kan vere med på auke trafikksikkerheiten ved at færre elg oppheld seg i nærleiken av og på Rv52.

Foring av elg kan også bidra til å redusere skogskadene.

Vilt- og innlandsfiskeremnda har anledning til å nytte det kommunale viltfondet til blant anna tiltak som fremmar viltforvaltninga, jmf § 5 i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. Støtte til tiltaket blir tatt frå viltfondet.

Rådmannen si innstilling:

Vilt – og innlandsfiskeremnda tildeler Hemsedal Elgvald, med heimel i § 5 i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, kr.10.000 i støtte til foring av elg.